
Årsmelding



2020



Årsmelding 2020

Klepp frivilligsentral

1. Målsetting

Klepp frivilligsentral skal vera med på å fremja og utvikla frivillig innsats til det beste for enkeltpersonar, grupper, organisasjonsliv og lokalmiljø i Klepp kommune.

- Frivilligsentralen skal vera med på å skapa gode levevilkår og auka livskvalitet for innbyggjarane, slik at desse opplever å meistre kvar dagen og å høyre til i eit fellesskap.*
- Klepp frivilligsentral skal gjennom å stimulera til frivillig arbeid, bidra til å utvikla eit levande lokalmiljø, der folk møtest, deltar aktivt, samarbeider, bruker evner, utviklar interesser og tar medansvar i ulike deler av den lokale oppgåveløysinga.*

Klepp kommune eig og driv Frivilligsentralen som ligg i Fredheimsbygget. I tillegg har sentralen fleire aktivitetar i Skatvedthuset i Bøkevegen 1.

Tilsette:

Ann Kristin N. Hatletvedt 100%
Liv Wenche Malmin 70%
Gunhild Damsgård Klingsheim 70%
Laila Tøresby (prosjektleiar)
Bengt Sjøthun Ellingsen (prosjektleiar)

Styret i Klepp frivilligsentral i 2020

Leiar, politisk vald, Samfunn og kultur:

Andrine K. Homme

Vara: Kurt Hermansen

Nestleiar, politisk vald, Helse og Velferd:

Elin Barane Helland

Vara: Kristine N. Meinkøhn

Frivillige representantar:

Egil Heigre

Oddbjørg Starrfelt

Åsmund Steinnes

Terje Barka

Vara: Anne Lise Haukås

Helse/Velferd adm. oppnemnd:

Liv Øvregaard

Vara: Agnes Lea Tvedt

Samfunn og kultur, adm. oppnemnd:

Ulf Ludvigsen

Vara: Tone Michelle Rønningsem

Sekretær: Ann Kristin N. Hatletvedt

Det har vore 4 styremøte med 34 saker.

Deltaking i diverse komitear/samarbeidsprosjekt:

Samarbeidsforumet

Byprestane/Asfalt

Eldres dag (avlyst)

Rullatorløpet (avlyst)

Seniornettkafe – Klepp

Møteplassen

Nettverksgruppe for daglege leiarar

Frivillig-Rogaland

Frivillighetens dag 7. desember

Samarbeid med Stiftelsen Fredheim

Julefest på Fredheim (avlyst)

Frivilligkoordinator Helse og Velferd

Invi – utvikling av datasystem

Aktivitetsvenn Klepp

Aktivitetsvenn Rogaland

Frivillig.no

Natteravn Klepp

Nytt kommunehus

Lyttevennkongferanse

Frivilligarbeid i Klepp FS:



Det blei eit annleis år – saman med Lions ga vi ut påskeegg til barn som trengte ei ekstra oppmuntring

Aktivetsvenn
Bamsejakta
Bestedag
Besøksbaby
Besøkshunder
Besøksvenn/Turvenn
Boka kjem
Datahjelp
Eldre hjelper eldre
Fleirkulturelt arbeid
Frivillige på institusjon
Få det gjort
Glade hjul
Gledesspreiarar
Goddørøsen i Ståvå
Gruppeleiar
Hobby, form og farge
Handarbeidsgruppe på Aktivitetssenteret
Internasjonal kvinnegruppe
Kafear for eldre på Bore og Orre
Karane med klypå
Kjøre/Følgje
Kleppeturen
Kongesommar
Kunstgruppe
Leksehjelp
Leseombud
Litteraturgruppe
Lyttevenn
Matutkjøring
Meditasjon
Mengdekjøring
Møteplassen
Paletten – malegruppe
Praktisk hjelp i heimen
Ringevenn

Rullatorløp (avlyst)
Saman på nett
Seniornettkafe
Slekstgransking
Småtroll
Snekkergruppe på Aktivitetssenteret
Språksprell
Strandturen
Strikkekafè
Strøsand
Telefonvenn
Tirsdagklubben på Orstad
Toppturen
Trafikkvakt
Treffpunktet
Ulike kurs
Verdas sunne matfat
Ver lur, opplev kunst og kultur
Vaketenesta



Magne er ein av karane som var med å plukke søppel i begynnelsen av året

Utlån:
Vi lånte ut:
Barnestolar
Mobil teleslynge
Utlån til grupper, lag og organisasjoner:
Møterom
Møterom på nett



Else og Marit fekk blomster etter 10 år som frivillige på strandturen

Arbeidsåret 2020

Frivilligcentralen i Klepp har over 400 registrerte frivillige som deltar i over 50 ulike oppgåver/aktivitetar.

Eldrehjelpa

Eldrehjelpan hadde 52 oppdrag i 2020, som på grunn av Covid 19 er vesentleg færre oppdrag enn året før, stor nedgang i følgje. Vi åpna opp for at frivillige kunne følge etter august.

Møteplassen

Møteplassen starta opp for 10 år sidan, og er nå ein viktig møteplass for menneske med rusavhengighet. 21 er med som frivillige, slik at tilbodet kan ha ope 3 dagar i veka for deltakarane. Etter 12. mars fekk deltakarane tilbod om ringevenn og matposar levert på døra. Utandørstreff fra 28. mai og ut juli med fokus på smittevern, sosiale treff og felles måltid. Møteplassen har fått midlar til aktivitetar ut 2021 frå Sparebankstiftelsen Srbank.



Møteplassen starta forsiktig opp i mai med utandørstreff med blant anna ballspel.

Treffpunktet

Har over 20 deltakarar og 15 frivillige. Tilbodet er retta mot personar med kognitiv svikt/einsame som ønsker meir aktivitet i kvardagen. Tilbodet har ope 3 timer to dagar i veka og tilbyr trening, mat og ulike aktivitetar. Vi har pga Covid-19 hatt eit redusert tilbod. Treffpunktet ha fått midlar frå Gjensidigestiftelsen. Tilbodet blei eit varig

tilbod frå og med 2020. I 2021 flyttar Treffpunktet inn i lokalene hos Stiftelsen Fredheim .



Johannes spreier song og glede .

Nytt i 2020

Smittevernkurset for frivillige

Alle våre frivillige har gjennomgått smittevernkurset for å kunne delta i frivilligarbeid i 2020.

Ringevenn

Tilbodet blei starta opp etter at Norge blei stengt ned 12. mars. Mange deltakarar har fått tilbod om ringevenn då dei ikkje lenger kunne møtast som vanleg. Vi fekk i stand heile 80 koplingar og det var over 100 ringevenner som melde seg. Tilbodet fekk oppslag i nyhetene på Nrk – og blei til inspirasjon for mange andre frivilligcentraler og organisasjoner.

A screenshot of a news broadcast from NRK. The top bar shows 'NRK' and various menu options like 'Nyheter', 'Sport', 'Kultur', etc. Below that, it says '13.51:24 Rogaland TV Radio Tips øst'. The main content area features a photo of a woman smiling, with text overlay: 'Lill Merete ringer dei som sit aleine'. There are also small portraits of two men on the right.

Lill Merete ringer dei som sit aleine

Tusenvis av besøksvenner må halde seg borte på grunn av smittefare. Difor har Lill Merete Steinbru blitt ringevenn.



Lill Merete Steinbru
Ringevenn
Publisert 23. mars kl.:
Oppdatert 23. mars kl:

Lill Merete Steinbru var ei av dei nye frivillige som meldte seg til ringevenn. Her nyhetsoppdrag i NRK.

Utkjøring av matvarer

Veka etter nedstenginga 12. mars, starta frivillige, i samarbeid med Liv Wenche og Gunhild, å køyra ut mat til folk med behov i



Klepp. Det blei køyrd ut matvareposar til 60 personar i veka. I perioden frå 17. mars og ut juni, blei det køyrd ut 1000 matposar og 9 tonn mat.

Bamsejakta

starta opp i april som eit tilbod for barn som var heime. Barna jakta på bamsar som sat i vindauge heime hos folk. I alt 120 barn deltok. Heldige vinnarar vann flotte bamsar i premie.

Her er Matheo med sin premie



Kleppeturen

Fire frivillige har vore med å starte opp eit turtilbod i Kleppelunden. Kvar mandag kl. 10.30 kan folk bli med på ein times tur i loen. Frammøte har vore variert, så dei frivillige ønskjer fleire velkomne til å bli med.



Spreke turgårar på Kleppeturen

Prosjekt 2020/21

Eksterne midlar til følgjande prosjekt:

- Saman på nett , kr 177 800, *Gjensidigestiftelsen og Frivillig-Rogaland*
- Treffpunktet, kr 62 000 *Gjensidigestiftelsen*
- Møteplassen, kr 60 000 *Sparebanksstiftelsen Sr-bank*
- Verdas sunne matfat, kr. 33 000 *Gjensidige Stiftelsen*
- Gledesspreder kr. 15 000 *Frivillig-Rogaland*
- Strøsand/Fallforebygging, kr. 8 000 *Folkehelsemidlar Klepp*
- Trening Sprek/Treffpunktet, kr. 25 000 *Folkehelsemidlar Klepp*
- Leksehjelp, kr. 2 000 *Folkehelsemidlar Klepp*
- Kongedagen, kr 60 000 *Gjensidigestiftelsen*
- Verdensrommet, kr 800 000 *Helsedirektoratet/Fylkesmannen*
- Få det gjort, kr 116 000 *Bufdir*
- Lyd og lys-prosjekt kr 217 375 *Gjensidigestiftelsen*
- Grønn glede kr 65 000 *Gjensidigestiftelsen*

Saman på nett

Klepp Frivilligsentral fekk i samarbeid med Klepp Bibliotek, Frivilligsentralen Kvam og biblioteket i Kvam, midlar til eit prosjekt for å skapa nettverk for innvandrarar på nettet. Prosjektperioden varer til mars 2021. Vi har hatt ulike samlingar på nett: Foredrag, leksehjelp, yoga, Kaffekoppen og trening. Biblioteket og Frivilligsentralen har og hatt fleire kurs retta mot målgruppa.



Ayan Jama var ein av foredragshaldarane som hadde engasjerande nettmøte med innvandrarar frå Klepp

Verdas sunne matfat

I samarbeid med Klepp Bygdekvinnelag, Axis og Frisklivssentralen fekk vi midlar til å arrangere kurs om sunt kosthald. Vi har gjennomført 6 kurs med til saman 60 deltakrar.



Gledesspredere



Vi fekk midlar frå Frivillig-Rogaland til prosjektet Gledesspredere. Vi har designet og kjøpt inn T-skjorter for å synliggjera frivillige på institusjonar på ein betre måte, samt lage retningslinjer for samarbeid mellom Frivilligsentralen, Frivilligkoordinator og institusjonane. Kick-off blei avlyst for frivillige i november. Satser på nye sjansar i 2021.

Strøsand/Fallforebygging

I år har vi i samarbeid med frivillige og heimetenesta i Klepp delt ut 160 strøsandboksar til eldre som bur heime. I tillegg deler vi ut strøsand i bøtter.



Gerd og Ingvard sørget for at strøsandboksane blei fylte med sand og leverte til heimesjukepleien

Få det gjort

Frivilligcentralen fekk tilskots-midlar fra Bufdir til inkluderings-prosjektet «Få det gjort», som skal gi ungdom arbeidslivserfaring. Prosjektet starta opp 1. august, og til no har 15 ungdommar fått opplæring, ulike jobbkurs og praktisk erfaring med å jobba. Dei fleste jobboppdragene får vi hos private. Seks frivillige er tilknyttt prosjektet og har vore med på å kursa ungdom, samt vore veiledarar ute hos oppdragsgjevar. Prosjektet vert avslutta 1. mars, men det er søkt midler til videreføring eitt år til.



Prosjektleder Liv Wenche og frivillige... samla med ein flott gjeng ungdommar som er klare for oppdrag.

Verdensrommet

Frivilligcentralen i Klepp fekk i samarbeid med Klepp bibliotek, seniornett Klepp, Klepp Pensionistlag og Jæren Folkehøgskule, midlar til prosjektet «Verdensrommet». Dette er midlar gitt gjennom fylkesmannen i Rogaland

– aktivitetstiltak for å motverke einsemd. Prosjektet starta opp 1. desember, med prosjektleder Bengt Sjøthun Ellingsen i 50 prosent stilling. Prosjektet varer i 13 månader kor eldre skal laga eigne digitale rom der dei kan nå ut i verda, og få verda inn til seg gjennom at lokale aktørar deler arrangement.



Gudny Wiig fekk frivilligpris 2020 for mangeårig frivillig innsats i Orrebygda. Brit Romsbotn, Jbl.

Frivilligpris

Frivilligprisen 2020 blei tildelt Gudny Wiig for hennar frivillige innsats. Det er styret i Frivilligcentralen som tildeler frivilligprisen på vegne av Klepp Kommune. Gudny Wiig får frivilligpris for sin innsats i idrettslag, bygdeungdomslag, bygdekvinnelag, sanitetsforening, Orremessa, Lyttevenn og anna frivilliginnsats. Vi gratulerer!



Frivillige på Toppturen i gang med å planlegge årets turar



Grøt på årets siste Kleppetur – i Kleppeloen



Mange frivillige fra Klepp har stilt opp som trafikkvakter på Luftvegslegevakta. Her er Else Berit og Inger klare for å dirigere trafikk.



Ei av våre mest ivrige frivillige; Åsveig har flytta. To daglige leiarar; Astrid Lund Folkvord og Ann Kristin N. Hatletvedt takkar for den flotte innsatsen.



Då landet var nedstengt, sørga frivillige for å kjøre ut 9 tonn mat til folk i Klepp som trengde litt ekstra. Geir Morten Øvestad stilte opp som sjåfør kvar veke.



Siste kvinnegruppe før nedstengning, med besøk fra Trygg Trafikk.



Topptur Torhild var i Haugesund for å presentere trimpoengappen for leiarar i Frivilligsentralane i Rogaland.



Kurs i å bruke digitale møteplassar. Eit samarbeid mellom Biblioteket og Frivilligsentralen.



Vi har mange gode støttespelarar. Her gir Power-Klepp 8 syklar vi fekk gi til ungdom i Klepp. Alle ungdomsskulane fekk ein sykkel til å låne ut.

Frivilligsentralen har i året som er gått blitt støtta økonomisk eller fått gåver fra:

- Klepp kommune
- Frivillig-Rogaland
- Sparebank Stiftelsen Sr-bank
- Gjensidige Stiftelsen
- Fylkeskommunen
- Fylkesmannen
- Buf dir
- Trygg Trafikk
- Matsentralen
- Klepp Menighet
- Rotary Klepp
- Kiwi - Verdalens
- Jæren Sparebank
- Klepp Energi
- Stiftelsen Fredheim
- Lions Klepp
- Jærhagen a/s
- Sest a/s
- Brustadbua
- Holdbart
- Power Klepp
- Grude og Klingsheim eiendom as
- Jærhagen
- Holdbart
- Coop landbruk Orre
- Private gjevarar

